

Hayseed

28. februar 2004 · Haavebua



Hayseed-280204-FP

2004

28. FEBRUAR

HAAVEBUA

Frå arkivet

Haavebua, Lørdag 28. februar Nok en gang får vi besøk av dette fantastiske bandet med Terje Kjørlaus i spissen. Knalltøff, sugende og funky rock`n`roll er varemerket deres. De leverer varene med en presisjon som overgår de fleste andre i samme genren. Er du ute etter en musikalsk opplevelse som gir deg både Red Hot Chili Peppers og Van Halen på en og samme tid så er du hjertelig velkommen på bua denne kvelden. Det er med stolthet at Rockeklubb for tredje gang kan presentere et så bra band som har utspring i en Florø gitarist

Vanvittig bra Hayseed!

Haavebua, Lørdag 28. februar 2004

FLORØ: Hadde det vore opp til Hayseed-frelste florøværingar, ville truleg bandet stukke av med prisen for årets beste rockeband under Spelemannsprisen i Oslo samme kveld. (Foto: Linda Regina Bruvik)

Ustoppeleg Vokalist Morten Fredheim er utstoppeleg energisk, han er sjarmerande spinnvill, høgt og lågt, med eit scenetekke og ein kontakt med publikum som gjer at sjølv den rolegaste guten eller jenta i klassen berre må rocke med. Sjølv sagt godt hjelpt av dei instrumentale eigenskapande til Fagereng, Hayseed-280204-FPHallre og sist, men definitivt ikkje minst, vår eigen lokale gitarhelt Terje Kjørlaus.

Og endå meir populært vart bandet då Fredheim sa dette frå scena: I går var vi i Førde. Det var ganske så keisamt. I dag er vi i Florø, og det rocker som f!!! Til ære for dykk skal vi no spele songen Florø rock city! Som var ein coverversjon av Kizz sin Detroit rock city, utan at det var noko som helst negativt.

Spellemenn Kanskje burde Hayseed stått på scena i Chateau Neuf laurdag og motteke ein Spellemannspris. Og medan prisløna norske musikkstjerner starta nachspielet i tigerstaden, med Spelemann-statuetten i den eine handa og champagneglasset i den andre, la Hayseed inn ein sterk søknad til neste års prisutdeling. Berre synd juryen ikkje høyrde kva bandet leverte av varer.

For dessverre ser det ut til at bandet, som med dagens besetning har spelt sidan 2001, framleis er ein ganske godt bevart løyndom i Musikk-Norge. I alle fall for dei bransjetoppene som signerer nye band. At bandet har unngått å lande ein platekontrakt er eigentleg både merkeleg og uforklarleg.

Kanskje er dei for snille og skikkelege, for lite utspjåka og sminka, kanskje har dei for kort hår eller for lite naglar. Arbeidsløysta og innsatsen deira er det ingen ting å seie på, dei har spelt inn to promo-cdar og spelt over 60 konsertar, mellom anna på Norwegian Wood-festivalen. Musikken er det heller ingen ting å utsette på tvert om. Her er det både særpreg, kvalitet og stort hit-potensiale.

Linda Regina Bruvik Tlf. SPINNVILL: Vokalist Morten Fredheim fanga publikum med sitt sugande blick og sin energiske scenesjarm. (Foto: Linda Regina Bruvik)

OM HAYSEED

Sjeldan har det koka slik på Haavebua i Florø som det gjorde laurdag. Vokalist Morten Fredheim, Florø-gitarist Terje Kjørlaug, trommis Remi Fagereng og bassist Endre Hallre leverte til tusen og endå litt til. Med sin reindyrka, funky, dampande og rå rock'n roll hadde dei taket på publikum frå første akkord.



Kommer-04-Hayseed



Hayseed-280204-FP



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Samansett av fleire originale artiklar. Kjelde-ID: 78, 86.